



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Dato: 05.03.2026
Vår ref: 25/04727-4
Dykkar ref: 2022/125-88

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Storrlineset del 2 i Vinje kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 12. januar 2026.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om saka

Vinje kommune har vedteke å leggje forslag til reguleringsplan for Storrlineset del 2 ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen skal leggje til rette for utviding av eit hyttefelt og etablering av eit mellombels masseuttak som skal forsyne råstoff til opparbeiding av teknisk infrastruktur og hyttetomter.

Fråsegn frå DMF

DMF viser til vårt fråsegn til forslag til offentleg ettersyn av reguleringsplanen, datert 9. september 2025, som vi fekk frå kommunen før planen skulle opp til handsaming i planutvalet.

Ressursgrunnlaget og drift av uttak

DMF saknar ein meir heilskapleg omtale av ressursgrunnlaget og drift av masseuttak i planomtala, inkludert kva for type massar som skal takast ut, og vurdering av massanes kvalitet og bruksområde. Dette er ikkje innarbeidd i planforslaget.

Tidsavgrensing av drift og lagring av massar

Nytt planforslag held fram å avgrense samla driftstid til seks veker i føresegna. Det er ikkje klart for DMF om dette gjeld for sprenging og knusing eller samla total driftstid. Ved oppstart bad DMF om at det vart gjort greie for om det var tilstrekkeleg tid for å gjennomføre drifta. DMF stilte òg spørsmål ved om ei avgrensing på 10 år for mellomlagring av massar som skal nyttast til opparbeiding av veg og tomter, i praksis vil føre til ei tidsavgrensing for når prosjektet må vere ferdig. DMF kan ikkje sjå at desse innspelane er svart ut eller innarbeidd i planforslaget. Før endeleg vedtak av



planen, bør det bli vurdert og gjort greie for i planomtala om dei føreslegne tidsrammene er tilstrekkelege for ønska gjennomføring av prosjektet.

Omtale av minerallova i føresegnene

Det førre planforslaget inneheldt fleire tilvisingar til driftskonsesjon og driftsplan i føresegnene. Føresegnene stilte òg krav om at fangdam, rutinar for drift av fangdammen og miljøoppfølgingsplan med rutinar for vassprøver, skulle bli omtalt i konsesjon etter minerallova. DMF ga ved oppstart tilbakemelding om at føresegnene ikkje burde vise til konsesjon og driftsplan, då føresegnene inneheldt føringar for forhold som bør handterast etter plan- og bygningslova, ikkje minerallova. Tilvisingane til driftskonsesjon og driftsplan er no teke ut og DMF vurderer at våre innspel er ivaretekne.

Størrelse på uttak

Planforslaget la i føresegna ei avgrensing på uttak inntil 30 000 m³ masse, utan at det var gjort greie for val av uttaksmengd eller gjort ei berekning av tilstrekkeleg volum massar for å opparbeide ønska tiltak. Denne føresegna er no teke ut, og DMF vurderer difor at vårt innspel er innarbeidd.

Sikring og skjerming av masseuttak

Føresegn 5.1 bokstav e–i, 5.4 bokstav a og 5.5 bokstav a, inneheld føringar for skjerming mot støy, støv og innsyn, og eit generelt krav om at uttaksområdet skal til kvar tid vere forsvarleg sikra. DMF vurderer at desse er i tråd med våre innspel.

Tilpassing til terreng og avslutting av uttak

DMF ga innspel om at det bør vere krav til utforminga av uttaksområdet etter drift. DMF vurderer at føresegn 5.1 bokstav i og 5.5 bokstav a tek omsyn til våre innspel.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Henning Sigstad
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Kopi til: